

**BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL**


# **Å R S M E L D I N G**

## **1 9 9 6**

**BERGSØY IL**




**FOTBALL**



**BERGSØY IL - FOTBALL**

**TAKKAR ALLE  
FOR INNSATSEN**

**SESONGEN 1996**



# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

## ÅRSMELDING 1995/1996.

Styret fekk etter årsmøtet 1995 slik samansetning :

<b>LEIAR</b>	MARIE STRAND	<b>VARA SENIOR</b>	NILS ROGER PAULSEN
<b>NESTLEIAR</b>	SINDRE THORSETH	<b>VARA ALDERSBESTEMTE</b>	GERD VIKE
<b>KASSERAR</b>	OSKAR WAAGE	<b>VARA ØKONOMI</b>	JON ROBERT MOEN
<b>SPORTSLEG LEIAR</b>	MATHIAS PETTERSEN	<b>VARA ANLEGG</b>	ASBJØRN ALMESTAD
<b>STYREMEDLEM SENIOR</b>	ROLV BAKKE		
<b>STYREMEDLEM ALD. BESTEMTE</b>	SØLVI V. MYRHOL		
<b>STYREMEDL. ØKONOMI</b>	SUSANN FRANTSEN		
<b>STYREMEDLEM ANLEGG</b>	ALBIN KVALSVIK		

### MØTEAKTIVITET.

I perioda har det vore 14 styremøter, samt ein god del arbeidsmøter både på økonomi- og den sportslege sida. Før sesongstart var det fellesmøte med støtteapparata på laga med informasjon om praktiske sider ved sesongen. Det har vore foreldremøter på alle laga for å førebu sesongen 1997 og dei fleste støttefunksjonane er på plass.

SFK har toårige tingperioder derfor har det ikkje vore kretsting dette året. Mathias Pettersen deltok på eit leiarmøte, eit mellommøte mellom tingsamlingane, i Ålesund. Rolv Bakke deltok på terminlistemøte i Ålesund i vinter og Ivan Myklebust har vore på breddekonferanse i Bergen i regi av NFF. Ellers deltok fleire frå klubben på sonemøte før sesongstart og Mathias Pettersen deltok på minisonemøte på Larsnes like etter sesongslutt. Perry Nilsen, Jørn Magnussen og Mathias Pettersen deltok på eit møte på Høddvoll der opplegg og gjennomføring av sonesamlingar for spelarar frå 19 år og nedover vart drøfta og orientert om.

### TRENARFORUM.

Det har i perioda vore halde berre 2 trenarforum noko som er i minste laget. Styret vil prøve å få dette inn i meir ordna former for 1997.

### DOMARAR.

Bergsøy IL har og i år vore overbygningssklubb for domarane på Ytre Søre Sunnmøre. Gjennom denne har vi arrangert klubbdomarkurs og utdanna i alt 13 klubbdomarar frå Bergsøy. Utviklinga på domarsida i klubben må ein sei har vore positiv siste åra. Per Worren har og i år vore domarkontakt i klubben. Sjå ellers årsmelding frå overbygningssklubben for fleire opplysningar.

# BERGSØY IDRETTSKLAG - FOTBALL

## DET SPORTSLEGE.

Vi har i år hatt 18 lag med i kretsseriane, noko som er ny rekord i klubben si historie. Med eit slikt antal lag så er vi ein av dei største klubbane på Sunnmøre. Nytt av året er at vi har hatt med eit lillejentelag og eit old boyslag så bredda er større enn nokon gong. På damesida i år har vi hatt 4 lag, dame-, jente-, småjente- og lillejentelag, og vi reknar med å oppretthalde desse og komande sesong. Når det gjeld einskildresultat ellers så syner vi til årsmeldingane frå laga som ligg ved. Vi må likevel få nemne jentelaget som tok krinsmeisterskapen etter å ha slått Skarbøvik heime i siste kampen. Også Old Boys laget vart krinsmeisterar i debutsesongen etter at dei tapte fyrste finala mot VRF i Velledalen, men i returkampen i Huldalen tok karane ut dei siste «dråpane» slo VRF med nok mål og sikra meisterskapen. Småjentelaget spela seg fram til kampen om krinsmeisterskapen men tapte begge kampane mot Ørskog og Sykkylven, likevel ein skikkeleg fin innsats av laget.

Ein må også nemne A laget som spela seg opp i 3. divisjon etter fjorårssesongen. Laget opna noko famlande med to tap mot Hødd 2 og Vartdal, men så vart dei varme i trøya og plasserte seg i øverste del av tabellen. Dei enda tilslutt på ein fin 3 plass og sikra dermed cupdeltakelse neste sesong.

## ØKONOMI.

Sesongen 1995/1996 var det året vi i styret kalla eit «pionerår» ettersom dette var fyrste året vi skulle prøve ut eigenbetalingsordninga. Som alt som er nytt så har det sjølvsagt vore både negative og positive reaksjonar, berettiga og uberettiga. Men ein kan vel sei at 90% har fungert godt. I ettertid har vi evaluert ordninga og gjort endringar etter dei erfaringar vi har gjort i løpet av året. Så no «trur og meinar» styret at dei endringane som er gjort vil føre til ei betre ordning for 1997. Ei ordning som dette krev tid til å få satt seg og verta akseptert, men det må nemnast at på foreldremøta som vi har hatt i haust har vi motteke mykje positiv tilbakemelding på den evaluerte ordninga. Eigebetalingsordninga og eit aktivt sponsorarbeid har gjort at vi har klart oss bra økonomisk i år. Ein må likevel syne økonomisk måtehald og sjå til at ein har fortsatt kontroll med inn- og utgifter i den vidare drifta. Når det gjeld Herøymessa så er ikkje rekneskapen der avslutta enno, men det er venta at overskotet vil ligge på omlag 180.000 kr.

## ANLEGG.

Største arbeidet vi har vore med på i år har vore på Bergsøy stadion med utbygging av tribuneanlegget. Bergsøy IL Fotball fekk ei gåve frå Partek Nordspenn på omlag 250 m. med betongelement. Styret bestemte seg for å nytte dess på Bergsøy stadion under forutsetning av at kommuna ville gå inn med midlar for å finansiere arbeidet med frakt, kranleige, montering m.v. dette sa kommunestyret ja til og bevilga 160.000 kr. til dette. Dermed var det duka for eit «spleiselag» som har ført til at Herøy kommune har fått ei billeg ansiktsløfting på stadionanlegget. I tillegg til Partek Nordspenn og Herøy kommune så må det og rettast ei takk til Møre Entreprenør og Prosjektbygg som var med på dette «spleiselaget» og gjennomføringa av arbeidet.

I Huldalen så har det ikkje vore gjort spesielle ting denne sesongen. Det har vorte montert nye lås til ytterdørene då det synt seg at svært mange hadde nøklar og adgang til huset. Vi har anskaffa fotocelle for å montere på lysa på bana, når desse er monterte så vil lyset derfor kople seg automatisk på og av etter tidsinnstilling.

Styret har tidlegare gjort vedtak om å reparere gjerdet som grensar til naboane på vestsida. Dette er enno ikkje gjennomført og skyldast vanskar med folk til å gjera det. Arbeidsfolk vart

# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

bestilt i oktober 1995 og har sidan vorte purra på med jamne mellomrom, siste lovnaden no er i veke 48 og vi håpar dette no vert gjennomført.

Vi har vidare begynt å rydde og klargjere gamle klubbhuset slik at vi kan få gjennomført planane med å lage til kontor og styrerom. Det er no å håpe at vi maktar å gjennomføre dette med det fyrste.

## UTVIKLING AV KLUBBEN.

Det viktigaste dette året er at vi har klart å få tilsatt dagleg leiar, Mathias Pettersen, på full tid frå 1. september 1996. Dette vil vera viktig med tanke på å klare å fylle opp alle sider innan gruppa, noko som ikkje var mogleg før. Så stor som Bergsøy IL Fotball har vorte så syner det seg umuleg å makte å gjennomføre alt arbeidet med «berre» frivillige tillitsvalgte, det å kreve meir av desse var ikkje muleg. Det kunne derfor vera ei fare for stagnasjon i utviklinga for fotballen i Herøy dersom vi no ikkje hadde klart å gå til dette steget. Oppretting av kontor og flytting av det administrative til Huldalen vil venteleg vera ei stor lette for den vidare drift av BIL Fotball. Forutsetning for å klare å følge opp gruppa sine 250 aktive, omlag det doble av føresatte og omlag 110 tillitsvalgte er forutsetning nok til å måtte ha fast tilsatt dagleg leiar for å rekke over alt.

## SOSIAL AKTIVITET.

Vi avslutta 1995 med «Fotballens dag» for dei aldersbestemte i Herøyhallen med utdeling av diplomar, statuettar m.m. Om kvelden var tillitsvalgte, sesniorspelarar, æresgjestar og samarbeidspartnarar inviterte ti fotballfest på Hotell Nephthun. Dette vonar vi vil verta ein tradisjon og i år vert dette den 30. november.

Utanom dette så har vi hatt A - lags frokost hos leiaren, samt at ein del av laga sjølve har hatt Pizza kveldar. Både jente- og småjentelaget avslutta siste kampen med å servere brus, kaffe og ei stor Marsipankake i klubbhuset i Huldalen. Slike sosiale tiltak er noko ein bør arbeide meir med i tida som kjem.

## TUSEN TAKK.

Eg vil på vegne av styret takke alle som har vore med på trekke og skubbe lasset dette året. Takk til alle aktive og føresatte for forståelse for innføring av eigenbetalingsordninga, og for ein fin gjennomføring av sesongen.

Takk til trenarar, tillitsvalgte, domarar og alle andre eldsjeler som har arbeidet i frontlinja og i kulissene. Takk til alle for innsatsen og gjennomføringa av Herøymessa.

Takk til næringslivet som er med og sponser oss slik at vi kan drive den store aktiviteten som vi har i fotballgruppa.

Tilslutt, takk til alle for eit godt samarbeid. Ingen nemnt, ingen glemt.

Fosnavåg 27.10.1996



Marie Strand

Leiar

# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

## ÅRSMELDING 1996.

### HERRE A LAGET, 3. DIVISJON.

TRENAR(AR) Tom Beddari med Gudmund Hopen som hjelpetrener.  
OPPMANN Sigmund Nymark.  
KONTAKTPERSON 1 Bjarne Leikanger.  
KONTAKTPERSON 2 Olaf Bratthaug/Albin Kvalsvik.

#### TRENINGAR.

Det byrja med 3 treningar pr. veke i januar og dette fortsatte vi med fram til sesongstart i april. Gjennom vinteren var det tildels lite folk på trening pga. militære og skulegong, og det var vanskeleg å samkøyre laget fram mot seriestarten. Vi spela i denne perioda 9 treningskampar mot lokale lag. Dette var Hareid, Åram, Larsnes, Hødd 2, Spjelkavik Kvamsøy, Hareid, Åram og Hasundgot med tilfredsstillande resultat.

#### SERIEN.

Denne starta med 2 tap men så gjekk det oppover med 5 strake seirar. Laget stabiliserte seg tidleg mellom dei 5 fremste på tabellen og enda tilslutt på ein fin-fin 3. plass. Dette var langt over målsettinga som var å stabilisere seg i divisjonen etter opprykket året før. Det har vore ein god sesong med ein spelarstall som har vore samansatt av unge lovande- og erfarne spelarar.

Seriekampane gav slike resultat :

Bergsøy - Hødd 2 : 1-2	Vartdal - Bergsøy 3-0	Bergsøy-Spjelkavik 4-1	Valder - Bergsøy 1-2
Bergsøy - Stranda 1-0	Bergsøy - VRF 3-2	Hareid - Bergsøy 0-1	Bergsøy - Volda 0-2
Aksla - Bergsøy 1-1	Bergsøy - Langevåg 4-2	Åram - Bergsøy 2-2	Hødd 2 - Bergsøy 2-0
Bergsøy - Vartdal 4-0	Spjelkavik-Bergsøy 0-4	Bergsøy - Valder 4-0	Stranda - Bergsøy 1-2
VRF - Bergsøy 1-1	Bergsøy - Hareid 0-1	Volda - Bergsøy 1-1	Bergsøy - Aksla 2-2
Langevåg - Bergsøy 4-1	Bergsøy - Åram 4-2		

# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

## Tabell

LAG	KAMPTAL	SEIERAR	UAVGJORT	TAP	MÅLSKORE	INNSLEPT	POENG
VOLDA	22	13	7	2	44	22	46
VRF	22	13	6	3	57	16	45
<b>BERGSØY</b>	<b>22</b>	<b>11</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>42</b>	<b>30</b>	<b>38</b>
HØDD 2	22	10	6	6	47	31	34
HAREID	22	10	4	8	27	33	34
AKSLA	22	8	9	5	43	40	33
STRANDA	22	7	5	10	33	31	26
LANGEVÅG	22	5	8	9	31	32	23
VALDER	22	6	5	11	41	58	23
SPJELKAVIK	22	6	3	13	29	52	21
VARTDAL	22	5	5	12	39	65	20
ÅRAM	22	5	3	14	28	51	18

## SPELARAR SOM VART NYTTA I SESONGEN :

FORNAMN	ETTERNAMN	KAMPTAL 1996	SKORA MÅL 1996	SAMLA KAMPTAL FOR BERGSØY IL
TROND	BØ	22	0	25
RONNY PÅL	KVALSVIK	22	1	64
LARS OVE	ALMESTAD	21	0	251
ARILD	KVALSUND	21	11	94
ARVE	LEINE	20	0	55
ARTHUR	SOLEVÅG	20	4	20
TONNY	PETTERSEN	19	4	214
RUNE	FRANTSEN	18	1	65
GEIR	SANDNES	17	4	89
TORBJØRN	LEIKANGER	17	0	136
LASSE	MYRHOL	17	2	85
PREBEN	HESTAD	17	2	17
NILS ROGER	PAULSEN	15	1	231
FRANK SVERRE	SKORPEN	15	4	24
JARL ÅGE	VÅGSHOLM	13	3	53
VEGARD	FIKSDAL	9	4	68
ERLEND EIDE	VIKE	7	0	11
JON ROBERT	MOEN	2	0	2
LENNART	GARNES	1	0	3
BERGE	KRISTIAN	1	0	60
FRODE	MYRHOL	1	0	32

Laget nytta i alt 21 spelarar i sesongen. Det er noko mindre enn i føregåande sesongar.

Leinøy 22.11.1996

Sigmund Nymark  
- oppmann -

# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

## ÅRSMELDING 1996

### DAMELAGET.

Etter ein del år utan damelag i klubben vart det i år påmeldt eit damelag i 7 ar serien på Sunnmøre. Denne serien bestod av 5 lag og det vart spela 3 serieomgongar.

Laget har i hovudsak trena 2 gongar i veka (tysdag og torsdag), tysdag har laget hatt fellestreningar med jentelaget som har vore trena av Asbjørn Myklebust. Spelarane framviste stor treningsiver gjennom vårsesongen, medan treningsoppmøtet var noko meir sporadisk gjennom haustsesongen.

Noko av årsaka til dette skuldast nok at ein etter vårsesongen fekk fråfall på ein del sentrale spelarar og at dette og slo ut resultatmessig. På vårsesongen spela laget i mange høve jamnt med dei beste i pulja.

Laget deltok ellers i «Stordal Cupen» i sommar. Laget framviste stor innsats og enda tilslutt på ein fin 4. plass.

Oppmann for laget har vore Susann Frantsen.

### RESULTAT FOR LAGET :

LARSNES - BERGSØY 8-6	BERGSØY - HIL/ØIL 3-1	TJØRVÅG - BERGSØY 1-11	VARTDAL - BERGSØY 4-2
BERGSØY - LARSNES 4-4	HIL/ØIL - BERGSØY 6-2	BERGSØY - TJØRVÅG 8-1	BERGSØY - VARTDAL 1-2
LARSNES - BERGSØY 16-3	BERGSØY - HIL/ØIL 0-9	TJØRVÅG - BERGSØY 1-3	VARTDAL . BERGSØY 4-1

### TABELL ETTER ENDT SERIE :

LAG	KAMPANTAL	VUNNE	UAVGJORT	TAP	SKORA MÅL	INNSLEPT	POENG
LARSNES	12	8	2	2	104	39	26
VARTDAL	12	8	1	3	64	31	25
HIL/ØIL	12	7	2	3	79	38	23
<b>BERGSØY</b>	<b>12</b>	<b>4</b>	<b>1</b>	<b>7</b>	<b>44</b>	<b>57</b>	<b>13</b>
TJØRVÅG	12	0	0	12	6	132	0

**Ivan Myklebust**  
Hovedtreinar

# ÅRSMELDING 1996

**LAG:** JUNIROLAGET

**TRENAR:** KJARTAN FAGERLUND OG GISLE VIKE

**OPPMANN:** BERIT HELSEM HOFF

**KONTAKTPERSON 1:** HELGE ENGAN ( KNUT IGESUND )

**KONTAKTPERSON 2:** BENTE GUNN REMØY

## SPELARSTALL

**F. 1977:** TOMAS MYKLEBUST ( SLUTTA TIL VÅRSESONGEN ), SVEINUNG KVALSVIK.

**F. 1978:** RUNE IGESUND, RUNE MYRHOL, RICHARD ENGAN, VEGARD SÆVIK, OG FREDRIK REMØY ( SLUTTA I HAUSTSESONGEN.)

**F. 1979:** KJETIL STRØM KVALSVIK, ANDERS HELSEM HOFF, SINDRE LIA ( SLUTTA I VÅR ), TOMMY INGEBRIGTSEN, KARL-BJARTE VIKE, ERLEND EIDE VIKE, TROND RØREN LEINE, OVE-ANDRE BENDAL, PER-CHRISTIAN WORREN, BØRGE REMØY,

**F 1980:** ODDMUND JACOBSEN VÅGSHOLM, DANIEL SCHELDERUP.

I tillegg har A-lagsjuniorane Frank, Kopperstad, Erlend Eide Vike , Lennar Garnes og Vebjørn Sandvik vore med på ein del treningar og kampar. Fritz Longva var junior i A-stallen, men melde overgong til Gursken att etter vårsesongen.

Pål Andre Nerland vert flytta opp i juniostallen i haustsesongen.

**MÅLSETJING FOR SESONGEN:** A) Å utvikle spelarane til å verte betre teknisk og taktisk.  
B) Arbeid for å betre haldningane

**TRENINGAR:** Laget starta treningane tidleg i januar, og har avvikla ca. 100. treningar.. Gjennom vinteren har laget trena 3 gongar pr. veke derav 1 innetrening i apparatrommet til Sunnmørsfisk A/S.. I sjølve sesongen 2 gongar pr. veke i tillegg til kampar. Frammøtet må seiast å ha vore godt

**TRENINGSKAMPAR:** Har hatt 2 treningskampar før sesongsstart mot seniorlaget til Haddal og juniorlaget til Hareid ( uavgjort 3 -3 og seier 4 - 1 )

## SERIEKAMPAR:

### Vårsesongen:

Laget spelte vårsesongen i 2. div. mot: Ørsta, Volda II , Hovdebygda, Herd, Sula/Langevåg og Hødd II.

Laget vann spelte uavgjort 1 kamp og vann dei andre kampane og rykkte dermed opp i 1. div. til haustsesongen. for å spele blant dei beste juniorlag på Sunnmøre. I vårsesongen spelte fleire av A-lags-juniorane kampane, og var i realiteten desse sitt kamptilbod Det var derfor viktig at laget rykkte opp i 1. div. slik at dei sterkast spelarane fekk god kamp-trening.

### Haustsesongen:

I 1. divisjon på Sunnmøre spelte fylgjande lag: Bergsøy, Brattvåg, Hødd, Vigra/Valder , Aafk., Ørsta, Stranda og Spjelkavik

I heile haustsesongen var alle A-lags-juniorane skade, og spelte lite og inkje kampar. Dette ført til at det unge laget fekk ein tøff sesong.

Nivået i 1. div. var atskillig betre enn i 2. div. med mange gode lag.. Laget vann 1 , spelte 1 uavgjort og tapte resten av kampane og enda til slutt nest sist i 1. div. Likevel må ein sei det var ei nyttig erfaring og ta med seg, og laget spelt heile tida jamnt med dei beste. Det er lita tvil om at



hadde ein fått mønstra same lag som i vårsesongen, vil Bergsøy ha kome eit godt stykke opp på 1. div. tabellen.

### **SPORTSLEG UTVIKLING:**

Den sportslege utviklinga i laget må seiast å ha vore god. Laget sine målsetjingar er nådd og vel så det. Fleire av spelarane kan dokumentere stor framgong og nærmar ser A-stallen med stormskritt, og generelt må seiast at nivået er heva. Likevel må ein påpeike at treningsiveren er noko ujamn, noko som m.a. fører til at forskjela mellom dei svakast og beste vert større.

### **TANKAR FOR SESONGEN 1997**

Juniorstallen neste år vil vere omlag som i år, og det er viktig at arbeidet med utvikling av dei tekniske og taktiske ferdigheitene til spelarane fortsetter. Skal ein lukkast med dette, må ein sjå til at trenarapparatet og støtteapparatet rundt laget held minst same nivå som for inneverande sesong.

Det er viktig at juniorlaget også neste vert eit lag klubben satsar seriøst på. Fråfallsproblema i denne aldersgruppa er stor noko som årets sesong syner.

### **NERLANDSØY 21. NOVEMBER 1996**

**BERIT HELSEM HOFF**  
oppmann

## ÅRSMELDING - JENTELAGET 1996.

Vi starta treningane 3. januar med 13 jenter. 1 jente starta i løpet av våren, i tillegg til at to småjentespelarar tidvis var med på treningane i sesongen.

Vårsesongen gjekk jamt godt, og vi låg relativt bra til på øvre del av tabellen til sommarferien.

Utover haustsesongen kom laget svært sterkt, og gjekk frå seier til seier. Det toppa seg i siste kampen som gjekk på heimebane mot Skarbøvik. Vi var nødd til å vinne denne om vi skulle verte kretsmeisterar. Eit stort og entusiastisk heimpublikum, fekk skikkeleg valutta for oppmøtet. Det vart ein jamnspela og god kamp, der Bergsøy-jentene til slutt gjekk av bana med 2 - 1 siger, og dermed kretsmeister.

Tabell: Bergsøy	14	8	3	3	38-28	27
VRF	14	8	2	4	58-28	26
Skarbøvik	14	7	0	7	38-48	21
Ørskog	14	5	4	5	27-32	19
Volda	14	2	3	9	10-41	9
Skodje	14	1	5	8	23-53	8
Herd	14	1	3	10	23-60	6

Deretter vart det kamp om fylkesmeisterskapet bort mot Eide og Omegn. Her møtte vi eit svært godt fysisk og teknisk lag og tapte 0-4.

Toppscorarar i serien vart Therese Sandvik med 18 , og Anne Karen Kopperstad med 6 mål.

I august deltok jentelaget i Ivar Aasen turneringa, og vann finala med 1-0 seier over Ellingsøy. I november var vi i Kristiansund på Dahle-cup, og deltok med to lag i jenteklassa. Begge laga vart utslegne i kvartfinalen.

Det har i det heile vore ein svært god sesong for jentelaget. Nokre av dei eldste spelarane har også spelt kampar for damelaget. Hovudstamma i laget vart også kretsmeister i småjenteklassa i 1995. Dei fleste av spelarane er soleis kretsmeister 2 år på rad. Dette er ein stor prestasjon.

Susanne Sandvik og Ann-Live Øye Leine har i løpet av året vore på sone- og kretslagssamlingar, samt spelt kampar på kretslaget, jenter 15 år. Det same med Runa Myklebust og Veronica Ernsten på kretslaget, jenter 14 år.

Trenar har vore Asbjørn Myklebust, med god assistanse frå Øystein Sandvik. Anne Britt Sandvik har gjort ein utmerka jobb som økonomiansvarleg. Svein-Arne Leine har vore oppmann.

Ein vil også nemne den gode støtta og gode samarbeidet det har vore i foreldregruppa. Alle har gjennom sesongen stilt opp i samband med køyring til bortekampar. Vidare har foreldra

gjort mykje for å skape ei fin sosial ramme rundt heimekampane med kiosksalg. Dessutan har foreldra villeg delteke i dugnadar og arrangement for å skaffe økonomi til laget.

Desse har spela i år: Caroline Sivertstøl, Therese Sandvik, Ann Elin Myklebust, Anne Karen Kopperstad, Guro Gausemel, Hanne Nørvåg, Anniken Kvalsund, Susanne Sandvik, Gunn Anette Støylen, Silje Remøy, Mette Hovde, Margareth Kvalsvik, Runa Myklebust, Ann-Live Øye Leine, Veronica Ernsten og Maria Frantzen.

Fosnavåg, 19. nov. 1996

  
Svein-Arne Leine (oppm.)

# BERGSØY IDRETTSKLAG - FOTBALL

## Å R S M E L D I N G 1 9 9 6 .

### GUTTELAGET.

TRENARAR Perry Nilsen og Jørn Magussen  
OPPMANN Svanhild Kvalsund  
KONTAKTPERSON 1 Eli Sæter  
KONTAKTPERSON 2 Svein Olav Hatlen

#### DESSE HAR VORE MED PÅ LAGET I ÅR :

Thomas Kopperstad, Steffen Helsem Kvalsund, Jan Tore Madsen, Atle Vegard Magnussen, Martin Molnberg, Pål Andre Nerland, Tor Andre Nerland, Christoffer Nilsen, Robin Nilsen, Øystein Nørvåg, Morten Reite, Jan Magne Remøy, Håvard Remøyholm, Eivind Sæter, Jørgen Waage, Oddmund J. Vågsholm og Runar Ørmen.

#### TRENINGSKAMPAR FØR SESONGSTART :

Bergsøy - Hødd : 3 - 2      Bergsøy - Sande : 7 - 0

#### TURNERINGAR.

Vi var invitert til å vera med i eliteturneringa på Høddvoll. Laget gjorde ein framifrå insats og kom til finala der ein møtte Hødd og vi tapte hårfint med 2 -1. Vidare deltok vi på Hydro Cup på Sunndalsøra der vi vann B - sluttspilet.

#### SERIEN.

Laget starta i vår i 1. divisjon der det vart desse resultatata :

Bergsøy - Volda	1-1	ILV/VIL/GIL - BIL	1-0	Hareid - Bergsøy	2-1	Bergsøy - ÅFK	2-4
Ørsta - Bergsøy	5-4	Bergsøy - Hødd	0-2	Spjelkavik - Bergsøy			

Frå hausten deltok laget i 2 dre divisjon med slike resultat :

Bergsøy - Emblem uts.	VFK/Åram-Bergsøy	1-2	Bergsøy - Sula	1-0	Sande - Bergsøy	2-5
Bergsøy Hessa	6-2	Rollon - Bergsøy	0-18			

Emblem møtte ikkje til kamp sjølv etter 2 forsøk. Bergsøy vart tildelt poenga.

#### MÅLSKORARAR:

Steffen Kvalsund 12, Jan Magne Remøy 8, Oddmund J. Vågsholm 5, Roy Igesund 5, Eivind Sæter 5, Atle Vegard Magnussen 4, Tor Andre Nerland 2, Jan Tore Madsen 1, Martin Molnberg 1, Sølve Hatlen 1 og Robin Nilsen 1. (1 sjølvsmål).

Guttelaget spela seg oppatt i 1. divisjon etter haustsesonge.

Svanhild Kvalsund

- oppmann -

# ÅRSMELDING FOR SMÅGUTTE 1

## TRENING

Førebuingane til sesongen starta i november med to treningar for veka. For det meste vart det trente ute, men vi hadde og ein time inne på Bergsøy skule. Treningsframmøtet har vore svært bra. I sesongen var det stort sett to treningar i tillegg til kamp.

## SERIEN

I vårsesongen gjorde laget det svært bra, og enda på andre plass bak det suverene leiarlaget Sula. Tabellen var svært jamn, men god målskilnad gjorde at vi greidde andrelassen. I haustsesongen var det og svært jamnt. Starten på hausten var bra, men på slutten butta det litt imot, slik at laget til slutt kom på 6. plass av dei 8 laga. Det som for så vidt har vore typisk heile sesongen, har vore at laget har spelt jamnt mot dei beste laga, for så å rote seg bort mot dei dårlegare. Utan to unødige tap på hausten hadde laget kome på 2. plass i første divisjon. Sesongen har imidlertid vist at med skikkeleg innstilling og innsats kan laget spele jamnt med dei fleste.

## CUPAR

I pinsa deltok vi på Hydro cup på Sunndalsøra. Der leverte gutane ein sterk innsats ved å bli nr. 4. Med litt hell kunne det ha gått endå betre. I semifinalen vart det eit knepent tap 2 - 1 mot Sula, som vann heile turneringa. Det var ein jamn kamp som like gjerne kunne ha bikka Bergsøy sin veg. Sula har forøvrig vore suveren i fylket i år, i og med at dei vart både kretsmeister og fylkesmeister. Det suraste var nok tapet mot Herd i bronsefinalen, i det Herd scora sigersmålet på overtid. Bergsøy leidde då på corner.

Seinare i haust var vi på Ottacup. Vi stilte med to jamne lag, som begge vart utslegne i kvartfinalen. Det er ein sterk prestasjon i konkurranse med ca. 50 lag, spesielt sett ut frå at dei fleste laga stiller eit toppa lag. Elles må det nemnast at foreldra som vanleg har stilt opp på cupane, og mange har allereie begynt førebuinga til Norway cup i sommar.

Desse har spelt kampar i år :Arve Hansen, Per Arne Hjelmeseth, Lars Erik Lindal, Erling Strand, Frank Edvard Vike, Espen Vike, Eivind Botn, Yngve Moen, Jan Åge Torgersen, Marius Kvalsvik, Sindre Gjelseth, Per Arne Herskedal, Jelius Anthonymotu, Øyvind Monsen, Kumar Yoganathan, Arthur Sund, Dag Hugo Aspheim og David Skorpen ( 83 ) Det er å håpe at alle held fram også neste år, slik at vi har nok folk til eit "eige" lag.

Trenarar har vore Per Botn og Jon Robert Moen, oppmann Per Botn

Fosnavåg, 27.11. 96

**BERGSØY IL - FOTBALL**  
**ÅRSMELDING 1996**  
**SMÅGUTAR 1983**

**STØTTEAPPARAT**

Trenar: Kjartan Paulsen  
Hjelpetrenar: Jan Skorpen  
Oppmann: Roar Eide  
Kontaktperson 1: Torbjørn Roland, Norvald Sollibakke  
Kontaktperson 2: Kirsten Reite, Bjørg Remøy

**SPELARSTALL**

Frank Luis Eide	Gerhard Larsen	Kåre Magne Roland
Hallgeir Espeseth	Aleksander Leine	Mats Sandvik
Frede Hatlen	Øyvind Paulsen	Øyvind Sollibakke
Jon Arne Kalland	Tor Arve Reite	David Skorpen
Rolf Andre Kvalsund	Antoni Remøy	Mats Inge Teige
Hallvard Kvalsvik	Vidar Remøy	Alexander Voldsund

**TRENINGAR**

Treningane starta opp i januar med innetrening på Bergsøy skule, seinare vart det utetrening 2 dagar i veka. På slutten av sesongen har det vore innetrening igjen på idrettshallen. I sesongen var treningsoppmøtet bra, men har dabba av utover hausten.

**SERIE**

Vårsesongen starta 29. april, og haustsesongen var ferdig 19. september. Resultata for laget var svært gode, 10 seirar, 1 uavgjort og 3 tap. Laget enda med dette på andreplass i 2. div avd. 4 smågutar med 31 poeng og målskilnad 65-31. Dette skulle love godt for neste sesong.

**Heime**

Bergsøy 2	Sula/FIL	12 - 2
Bergsøy 2	Ørsta 2	9 - 2
Bergsøy 2	Herd 2	5 - 1
Bergsøy 2	Skarbøvik	2 - 2
Bergsøy 2	Blindheim 2	1 - 2
Bergsøy 2	Langevåg 2	9 - 1
Bergsøy 2	Volda 2	3 - 2

**Borte**

Skarbøvik	Bergsøy 2	1 - 3
Blindheim 2	Bergsøy 2	3 - 2
Langevåg 2	Bergsøy 2	1 - 3
Volda 2	Bergsøy 2	3 - 7
Sula/FIL	Bergsøy 2	1 - 4
Ørsta 2	Bergsøy 2	1 - 3
Herd 2	Bergsøy 2	8 - 1


**CUPAR**

Vi har ikkje vore på cupar, fordi laget har vore innstilt på å spare pengar dette året, for så å satse fullt på Norway cup i 1997.

**GENERELLE OPPLYSNINGAR**

Vi skulle ønske at foreldra var flinkare å møte opp på kampane til laget, særleg heime, men også borte.

Røyra, 23.11.96



Roar Eide  
oppmann smågutar 1983

# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

## Å R S M E L D I N G 1 9 9 6

### SMÅJENTELAGET.

LAGET HAR HATT SLIKT STØTTEAPPARAT :

TRENAR(AR) Bjørn Frantsen  
OPPMANN Mona Hammer Ernstsens  
KONTAKTPERSON 1 Sindre Myking, Svein H. Ernstsens og Egil Vike.  
KONTAKTPERSON 2 Marina Myking.

DESSE HAR VORE MED PÅ LAGET I ÅR :

Anniken Myking, Veronica Ernstsens, Monica Frantsens, Maria Frantzen, Mari Pettersens, Ingrid Steinsvik, Marianne Myrhol, Kathrine Sande, Inger Lise Arnesens, Runa Vike, Kari.Janne Stenersens, Therese Nerland, Renate Kvalsvik og Kamilla Myklebust.

### TRENINGAR

Laget trenar vårsesongen på Heid og resten i Huldalen. Dei har hatt omlag 2 treningar pr. veke, à 1,5 time.

RESULTAT I SERIEN : Ser ein vekk frå laga som nytta overårige så vart laget det beste i avdelinga. I kampen om Kretsmeisterskapen så vart laget på 3 plass.

### MÅLSKORARAR

Veronica Ernstsens 25 mål, Ingrid Steinsvik 13 mål, Maria Frantsens 10 mål og Therese Nerland 5 mål.

### TURNERINGAR

Ivar Åsen cup : Kom her til finala der laget tapte 2-1. Toppskorar i cupen var Therese Nerland med 7 mål. I Dahle Cup i Kristiansund kam laget til kvartfinala og tapte her med 3-1. Toppskorar her var Veronica Ernstsens og Ingrid Steinsvik med 7 mål kvar.

### GENERELLE OPPLYSNINGAR :

Laget har hatt store framsteg under kyndig leiing av Bjørn «Bønna» Frantsens.

Eggesbønes den 23/11 - 1996

Mona Hammer Ernstsens  
OPPMANN

Bjørn Frantsens  
TRENAR

# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

## Å R S M E L D I N G 1 9 9 6

### LILLEJENTELAGET.

LAGET HAR HATT SLIKT STØTTEAPPARAT :

TRENAR(AR) Ann-Live Øye Leine, Runa Myklebust, Asbjørn Myklebust  
og Ivar Sylte  
OPPMANN Ivar Sylte.  
KONTAKTPERSON 1 Inge Sporsheim og Tor Igesund.  
KONTAKTPERSON 2 Eva Moe.

DESSE HAR VORE MED PÅ LAGET I ÅR :

Pia Ernstsens, Solbjørg Hansen, Stine Igesund, Cathrine Kopperstad, Åse-Jill Moe, Ingrid Myklebust, Ingvild Sporsheim, Hanne Sporsheim, Silje Sylte, Lill signe Sørheller, Therese Teige, Sunniva Vike, Karina Holkestad, Henriette Rødseth, Lisa Vattøy, Maria Nordbø, Elise Kvalsund, Kriss Bettina Bøe og Inga-Lill slenes.

TRENINGAR

Før seriestart trena vi ein gong i veka i gymsalen på Bergsøy skule. I sesongen trena vi 2 gongar pr. veke på Heid og i Huldalen.

RESULTAT I SERIEN :

Det vart 7 seiarar og 3 tap. Det vert ikkje ført tabell i denne klassa.

MÅLSKORARAR

Dette vert ikkje registrert. Det er medvite gjort av trenarane for å prioritere lagspelet.

TURNERINGAR:

Laget deltok på Jalmar Cup på Høddvoll.

GENERELLE OPPLYSNINGAR

Treningstilhøva er ikkje gode nok for oss som kjem sist på prioriteringsstigen. Dersom vi ikkje sjølve hadde tekje oss tilrette på Heid, ville vi ikkje kunne ha gjennomført treningane på ein tilfredstillande måte.

Fosnavåg den 23/11 - 1996

Ivar Sylte  
OPPMANN



## BERGSØY I L, FOTBALLGRUPPA

-lillegut -84 lag 1 og 2.

### ÅRSMELDING 1996.

**Aktive.** Vi har denne sesongen vore 16-18 aktive. Det har vore ei stabil gruppe. 3 spelarar har gitt seg sidan 95-sesongen, og ein har kome til i løpet av året.

**Trening.** Laget har trent 2 gonger i veka utenom sesongen. I kampsesongen har det vore ei trening i veka utanom kamp. Frammøtet har vore svært godt med av dei fleste.

**Serien.** I serien var gruppa delte i 2 lag. Målet var å få to jamngode lag. Dei kom begge i same pulje saman med Tjørvåg og lag frå Sande og Vanylven. Pulja var for ujamn. Berre eit fåtal av kampane vart rimeleg jamne og gå sportslege ufordringar. Vi har hatt eit minimum av aktive for å ha to lag, men reglane for denne klassa har gitt høve til å byte på spelarar til enkelte kampar.

Det var eit ynskje frå laget å få vere med med som tredje års smågutte. Vi veit ikkje korleis det ville gått å spele i ei 2.divisjons småguttepulje, men vi er ikkje nøgde med korleis ei grundig vurdering vart overprøvd av styret. Styret er i sin fulle rett når dei tek ei avgjerd. Men vi er misnøgde med at vi ikkje fekk uttale oss til styret før laga vart påmelde i serien. Lag må også få informasjon attende frå styret. Vi har vorte ein organinsasjon der dei aktive betaler for tenestene.

**Turneringar.** Laget har vore med på 3 turneringar. Vi deltok i **Folkestadturneringa** ved innleiinga til sesongen. Dette var ei lita eindagsturnering med 4 lag.

I august deltok vi i **Ivar Aasen-turneringa -96 i Ørsta.** Vi stilte med berre eit 7-ar lag fordi dette var med det same vi tok til etter ferien og det ville verte knapt med spelarar. Laget vann innleiande puljespel laurdag og gjekk til smifinale. Det enda til slutt med finalesiger 2-0 mot eit svært godt Voldalag. Det var 19 lag totalt i klassa. I denne turneringa byrja vi å få dilemmaet mellom breddesatsing og topping av lag.


**Dahle-cup i Kristiansund** innandørs 1.-3 november. Her vart det meldt på to lag i pulja med sluttspel. God innsats av begge laga. Eine laget kom til kvartfinale, og det andre tapte finalen 1-0 mot Clausenengen. Topp innsats og god framferd ved alle turneringane.

**Trenarar.** Trenarar har vore Jon Magne Johannesen og Paul Kurt Nerland. Spelarar og foreldre vil stor ros til dei. Vi har ikkje kvalifikasjonar til dele ut fotballfaglege karakterar, men som foreldre i ein breddeklubb kan vi uttale oss om pedagogiske opplegget. Treningar, oppfyljing av enkeltspelarar, reiser og kampar har vore leia på ein forbildeleg måte. Ideaen med at aktiviteten er på dei unge sine premissar og ikkje på trenararane sine personlege ambisjonar bør gjennomsyre heile organisasjonen.

**Komande sesong:** Denne sesongen har vore ein sportsleg suksess. Vi er ei gruppe som høver akkurat for eit 11-ar lag. Gutane er motiverte og ser fram til ny sesong i småguteserien. Men mange er inne i ei periode med vokster, og dei har utvikla seg ulikt. Vi merkarscog at mange har fått andre interesser. Vi har førebels ikkje store planar for turneringar i 97. Mange har planar for sesongen -98. Støtteapparatet har vore:

Kontaktpersonar 1: Lii Berit Larsen og Solveig Goksøyr  
Kontaktpersonar 2.: Susann Vågsholm med assistanse frå Solveig Roland.  
Oppmenn: Per Kopperstad og Oddbjørn Vinjevoll.

Per Kopperstad

  
Oddbjørn Vinjevoll

# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

## ÅRSMELDING 1996.

### LILLEGUTT 1985 - 1STE LAGET.

LAGET HAR HATT SLIKT STØTTEAPPARAT :

TRENAR	Per Jarle Skar
OPPMANN(MENN)	Inger Anne sævik og May Britt Smådal
KONTAKTPERSON 1	Arne Bøe og Bjørn Holum
KONTAKTPERSON 2	Jon Kalland

DESSE HAR VORE MED PÅ LAGET I ÅR :

Kent Robert bøe, Vegard Holum, Steffen Skar, Daniel Kopperstad, Kay-Andre Smådal, Ole Martin Klepsvik, Thomas Voldsund, Alexander Teige, Frode Warholm, Knut Peter Sævik og Benjamin Kalland.

TRENINGAR :

Laget har trena kvar onsdag og fredag i sesongen. Ellers trena dei 1 gong i veka på Bergsøy skule om hausten og vinteren.

RESULTAT I SERIEN :

Laget har spela 15 kampar i serien og vunne 10, 1 uavgjort og 4 tap. Dei har ein målskilnad på 71 - 26.

MÅLSKORARAR :

Knut Peter Sævik 28, Benjamin Kalland 23, Alexander Teige 9, Kay Andre Smådal 7, Ole Martin Klepsvik 1, Steffen Skar 1, Vegard Holum 1 og Vegard Eide (1986) 1.

TURNERINGAR :

Laget deltok på Jalmar Cup og vann alle kampane. Etter serieavslutning deltok laget på Dahle Cup og kom her på 2dre plass i si pulje. Laget vann 1 kamp og spela 2 uavgjort. I åttandedelsfinala tapte laget 4-0 mot Nordlandet.

Remøy den 22/11-1996

Inger Anne Sævik  
- oppmann -

# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

## Å R S M E L D I N G 1 9 9 6

### LILLEGUTT 1985 2DRE LAGET.

LAGET HAR HATT SLIKT STØTTEAPPARAT :

TRENAR(AR)	Helge Kvalsund
OPPMANN	Nils Petter Hide/Helge Kvalsund
KONTAKTPERSON 1	Andor Leine
KONTAKTPERSON 2	Beate Paulsen/Helge Rødseth

DESSE HAR VORE MED PÅ LAGET I ÅR :

Vegard Hide, Anders Kopperstad, Ove Kvalsvik, Knut Lid Kvalsund, Anders Leine, David Paulsen, Håvard Rødseth Garvik, Thomas Sporsheim, Andre Sæter og Sindre Vike.

TRENINGAR:

Laget har trena kvar onsdag kl. 1630 - kl. 1800 i Huldalen.

RESULTAT I SERIEN :

Laget har spela 15 kampar. Av desse har vi vunne 12, spela 1 uavgjort og tapt 2. Det vert ikkje ført tabellar i denne klassa.

MÅLSKORARAR:

Det vert heller ikkje ført liste over dette i denne klassa.

TURNERINGAR:

Var med i Jalmar Cup for andre året på rad. Vi spela 3 kampar, mot Hødd, Tjørvåg og Hjørungavåg, og vann alle.

GENERELLE OPPLYSNINGAR :

1985 årgongen er delt i 2 lag som trenar til kvar sine tider og har kvar sine støtteapparat. Laga skal spele 1 sesong til før ein slår dei saman og dei går over til 11 ar fotball.

Fosnavåg DEN 22/11 - 1996

Nils Petter Hide  
OPPMANN

Helge Kvalsund  
TRENAR

BERGSØY IL - FOTBALL  
ÅRSMELDING 1996

*Minigutt 1986*

LAGET SITT STØTTEAPPARAT:

TRENAR: FRED FRANTZEN  
OPPMANN: IVAR SELJESETH/FRED FRANTZEN  
KONTAKTPERSON 1 OLEIF DIGERNES  
KONTOKTPERSON 2 MARIANNE OTTERLEI

DESSE HAR VORE MED PÅ LAGET I ÅR:


Kristoffer Berge, Peder Botn, Ole Jonny Digernes, Vegard Eide, Jørn Eide, Frantz Frantzen, Goro Guruparay, Marius Møller Hjelmeseth, Erlend Håberg, Raymond Myking, Fred Arve Myklebusthaug, Steffen Myklebusthaug, Steffen Nærø, Vidar Brekke Osnes, Kjell Alfred Otterlei, Trond Seljeseth, Kristoffer Robin Skuggen, Preben Sævik, Anders Teige, Kim Berge Voldsund Sigbjørn Holkestad,

Treningane har vorte haldne på bana i Huldalen kvar tirsdag frå kl .16.00 til kl. 17.00. Det har vore eit veldig godt oppmøte til alle treningane. Med ca. 20 gutar til kvar trening, så ynskjer Fred seg ein "hjelpetrener" til neste år.

I minigutt -86 har det vore spela turneringar i 1996 sesongen. Bergsøy sine minigutar har vore inndelt i 2 lag. Desse har spela mot Sandsøy, Larsnes og Haddal. Bergsøy sine lag har vunne alle sine kampar. Vi håper på litt sterkere motstand neste sesong.

Laga var også med på JALMAR CUP på HØDDVOLL den 25/ 27. mai-96. Det var ei fin turnering med veldig god innsats frå begge laga

Fosnavåg , 24 /11-96.

  
Ivar Seljeseth  
(oppmann)

Fred Frantzen  
(trener/oppmann)

# BERGSØY IL - FOTBALL

---

## ÅRSMELDING 1996.

MINIGUTT 1987.....**LAGET.**

### LAGET HAR HATT SLIKT STØTTEAPPARAT :

TRENAR(AR) : KÅRE IGESUND OG PER SVEIN BREKKE.....  
OPPMANN : JARLE EIDE.....  
KONTAKTPERSON 1 : SINDRE THORSETH.....  
KONTAKTPERSON 2 : MARIANNE SÆVIK NERLAND.....

### DESSE HAR VORE MED PÅ LAGET I ÅR :

THOR OVE BREKKE, SINDRE EIDE, ESPEN IGESUND, JOACHIM MAGNUSSEN,  
SVEIN-BØRGE MYKLEBUST, ALEKSANDER SÆVIK NERLAND,  
PARATHIPRIYAN PUSPARAJA, FILLIP THORSETH, VIKTOR THORSETH  
OG REBECCA VÅGSHOLM.  
.....  
.....

TRENINGAR: Vi har hatt trening ein gong i veka. Ein del av sesongen  
har vi hatt trening saman med minigutt 1988. Dette vart for mange  
på trening på ein gong, og på slutten av sesongen delte vi oss.  
.....

RESULTATISERIEN: Vi har delteke på miniturnering saman med.....  
Moltu IL og Hødd I og II. Resultata har vi ikkje fokusert så  
mykje på i denne årsklassa, men vi har hatt ei fin blanding mellom  
seier, uavgjort og nokre få tap.....

MÅLSKORARAR: Kven som skorar mest og minst har heller ikkje vore..  
fokusert så mykje på, men dei flest har skora i løpet av sesongen.  
.....  
.....

TURNERINGAR: Hjalmar Cup Brukande resultat.....  
Ivar Åsen turnering Her vann vi alle våre kampar  
.....  
.....

GENERELLE OPPLYSNINGAR: Vi har gjennom heile sesongen vore litt..  
for få spelarar, og er difor svært sårbare når nokon ikkje møter opp.  
Vi håper at dette kan rette seg komande sesong.....  
.....  
.....

Bølandet..... DEN 24/11 - 1996

  
OPPMANN

\_\_\_\_\_  
TRENAR

# BERGSØY IDRETTSLAG - FOTBALL

## ÅRSMELDING

### MINIGUTT 1988

TRENARAR                      Nils Svenning Sævik og Terje Lima  
OPPMANN                      Mathias Pettersen  
KONTAKTPERSON              Terje Sørheller

#### DESSE HAR VORE MED PÅ LAGET I ÅR :

##### Født 1988

Gustav Pettersen, Jørn Kvalsvik, Arve Kvalsvik, Daniel Nyseter, Andreas G. Johnsen, Kjetil Paulsen, Tony Kvammen, Kim Reidar Tvedt, Steffen Flusund, Audun Høydal, Stian Aurvågild Runde, Fillip Sævik, Andre Lima, Kent Are Kvalsvik, Jan Åge Sundnes, Andre Kovacs, Ole Christian Hjelle, Kristian Elsebø og Tomas Arnesen.

I tillegg har desse som er født i **1989** vore med : Kenneth Farstad, Viktor Thorseth, Thomas Paulsen, Tomas Måløy Remøy, Pål Lid Kvalsund, Svein Inge Hjelmeseth, Mads Sævik, Preben Vike, Øystein Håberg, Eldar Sørheller, Terje Teige og Torstein Holum.

#### TRENINGAR.

Laget vart påmeldt serien og starta opp med treningar i slutten av april med 6-7 stk. på treningane. Sidan det har laget trena 1 gong i veka i Huldalen fram til slutten av oktober. Etter dette har det vore treningar på Bergsøy skule 1 gong i veka. Etter at vi tok til på Bergsøy skule delte vi årgongane slik at det på treningane no er eit meir høveleg antal. Sidan starten av sesongen har heile 31 stk. vore med på laget, noko som ikkje har vore så lett å administrere når vi berre hadde eitt 7 ar lag med på turneringane. Men med hjelp av god haldning frå spelarane og ei sikker hand om kampleiinga frå trenarane si side har det heile gått veldig bra.

#### TURNERINGAR.

Laget har delteke på seks turneringar, derav har ei vore i Huldalen. Dei andre har vore i Gursken, på Hasundgot, på Høddvoll (2) og på Hareid. Gutane har gjort ein fin figur og hevda seg svært godt i lag med sine jamnaldingar frå naboklubbane. Transporten til kampane har foreldra sjølve tekje seg av og dermed har vi fått god deltaking frå foreldra også på utekampane. Gleda og humøret har vore på topp heile sesongen både mellom spelarane, lagleiinga og foreldra, og vi ser alle fram til fortsettelsen for desse to årsklassene.

Myklebust 27.11.1996

*Mathias Pettersen*  
Mathias Pettersen

- oppmann -

## Old-boys 1996

Etter innandørs KM i Ulsteinhallen i februar vart det ytra ynskje om å melde på lag i serien . Dette Gnisten var tend i gamle fotballbein .1996 skulle vere eit prøveår for old-boys lag i Bergsøy fotball. Kjetil Goksøyr og Fred Frantzen tok initiativet og sende ut brev til omlag 35 gamle fotballkjemper. Målet var å få med tidlegare aktive spelararn på BIL sitt A-lag .Ein vei av erfaring at fotballspelarar kan vere tung materie å jobbe med og såg difor på dette året som eit innkøyringsår.

Vi kom i gruppe med lag frå Ålesuddistriktet i avd. 2.for 7-ar lag. Det var noko variert treningsframmøte og det var difor spanande å sjå om det lot seg gjere å få nok spelarar til denne historiske kampen.

Vi reiste til Lepsøya på ein sur søndag i april . Fred Frantzen stilte med sin 10-seter Caravelle som . Og dermed var lista lagt for dette spleiselaget. Vi vann den første kampen på ei flott grasbane på Lepsøya. Etter denne kampen var interessa lagt for resten av sesongen. Interesse auka også utover sesongen og det har vore med 19 mann. Det var også gledeleg at vi fekk med oss ein habil keeper frå Volda, Arnvid Husøy. Dette var med på å berge iland eit uventa kretsmeisterskap i debutsesongen. Det sosiale var ein viktig del av opplegget med old-boys laget ,og det vart mange mimrestunder. Det er tydeleg at klubbfølelsen er sterk i Bergsøy. Den finaste turen var til kampen mot Guard. Dette var ein nydeleg mandagskveld i slutten av august. Knut Igesund stilte med den flotte cabincruisaren sin. Han manøvrerte inn til gjestebryggja som om han hadde vore på sjøen i heile sitt liv. Ein annan minneverdig tur var med båten til Knut Teige. Denne turen gjekk til Godøya, der Elise ova Huldala tok imot oss og losa oss trygt til klubbhuset. Etter kampen vart vi bedne på kaffi og kaker i allromet på klubbhuset . Noko alle sette pris på.

Vi vann vår avdeling og fekk spele om kretsmeisterskapet mot VRF. Dette vart ein klassikar. Etter 3-2 tap på bortebane låg alt til rette for ein retteleg cupkamp i Huldalen. Det hadde samla seg ein stor hop med supportarar,noko som laga ei ideell ramme rundt kampen.

Kampen enda med siger til Bergsøy, 3-2.

Dei som har vore med i denne jubelsesongen er: Egil Vike, Kjartan Paulsen, Sindre Notøy, Trond Paulsen, Knut Igesund, Gullik Kjelstadli, Paul-Kurt Nerland, Knut Teige, Fred Frantzen, Geir Kvalsund, Trond Vike, Ole Bjørn Kvalsund, Odd Egil Igesund, Oscar Nordbø, Kjetil Goksøyr, Kjell Vike, Arnvid Husøy, Jack Pettersen. Vi hadde i tillegg ein gjesteopptreden av den utvandra fotballgiganten Olav Kvalsvik.

Med slike folk med seg måtte dette bli ein jubelsesong!!!!

## ÅRSMELDING BERGSØY DOMMEROVERBYGGINGSKLUBB.

### 1. Innleiing

Sesongen 1996 har på mange måtar vore ein god sesong for OB-klubben. Sjølv om oppmøtet til fellesaktivitetane ikkje har vore det beste er det rett å seie at klubben har hatt klar framgong.

Geir Tjervåg er OB-klubben sin fremste dommar. Han har etablert seg som fast 3.divisjonsdommar, og har hatt fin framgong denne sesongen. Fleire av dei yngre dommarane har vist fine takter, og har fått prøvd seg på eit høgare nivå enn tidlegare. Per Worren har denne sesongen trappa ned si aktive dommarverksemd.

### NYAUTORISERTE DOMMARAR.

OB-klubben har i 1996 fått 2 av dei 6 nyautoriserte dommarane i kretsen. Det er Hogne Worren, Bergsøy og Edin Rovde, Larsnes. I tillegg gjekk fylgjande rekrutteringsdommarkurs på Larsnes sist vinter: Kåre Henning Garshol, Hasundgot, Oskar Hovlid, Lars Ivar Moldskred, Raymond Abeltun og Andre Aspevik, alle Tjervåg.

### KLUBBDOMMARAR.

I juni-96 arrangerte OB-klubben klubbdommarkurs med svært god deltaking. Heile 22 gutar og jenter (2) deltok på kurset. Det var 14 frå Bergsøy, 5 frå Gurskøy og 3 frå Tjervåg. Dei fleste av desse har i haustsesongen fått prøve seg i sine respektive klubbar. Dette har vore til svært stor lette for oppmennene i dei aldersbestemte klassene. OB-klubben vonar at ein del av dei som gjekk klubbdommarkurset kan tenkje seg å gå vidare på rekrutteringsdommarkurs til vinteren.

Namneliste over dommarar, rekrutteringsdommarar og klubbdommarar fylgjer vedlagt.

### SPORTSLEGE AKTIVITETAR.

OB-klubben sende ut tidleg i januar oversikt over datoar der ein ville prøve med fellestreningar frå Indre Herøy Ungdomsskule. Det var lagt opp til fellestrening kvar 14. dag. Ei kjerne på 5-6 personar møtte kvar gong, men pga av ubekvem arbeidstid for mange (verft og fiskeindustri) var det mange dette ikkje passa for.

Ein gjorde også forsøk på å gi klubbane tilbod om dommarfoppsett til



treningskampane, men dette viste seg vanskeleg å få til i praksis. Likevel vart det svært mange treningskampar å dømme for mange av dommarane.

#### SPØRJETESTANE.

Gjennomføringa av spørjetestane vart halde på Indre Herøy ungdomsskule. Ikkje minst dei unge viste stort engasjement og aktivitet.

#### SOSIALE TREFF.

OB-klubben hadde sesongavslutning på Lanternen Marina 14.11.96 der ein oppsummerte sesongen. 42 var inviterte, 14 møtte og 7 hadde meldt forfall. Klubbdommarane var spesielt inviterte. Svein Ivar Aarskog frå Ørsta OB-klubb var gjest, og han fortalte litt om korleis klubben der driv, og også om si eiga dommargjerning. På samlinga fekk vi signal om at 3-4 av klubbdommarane som var til stades kunne tenkje seg å starte på rekrutteringsdommarkurs til vinteren. Får vi det til har vi hatt ein svært vellukka sesong!


#### REGNSSKAP.

Regnskap fylgjer vedlagt. Som ein ser av dette så har vi heller ikkje i år hatt så stor aktivitet som har kosta pengar at vi vil utnytte det beløp kretsen har stilt til disposisjon for oss. M.a. har vi ikke brukt pengar på betaling av treningslokale, dusjanlegg, klubbhus etc.

Geir Tjervåg  
leiar

Fosnavåg 18.11.96

Per Worren  
sekr.



# BERGSØY OVERBYGNINGSKLUBB FOR DOMARAR.

## DOMARAR, REKRUTTERINGSDOMARAR OG KLUBBDOMARAR I BERGSØY IL - FOTBALL.

ETTERNAMN	FORNAMN	POSTNR.	POSTSTAD	TELEFON PR.	TELEFON ARB.	STATUS	KATEGORI	KLUBB
BENDAL	OVE ANDRE	6090	FOSNAVÅG	70089297		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
DIGERNES	MORTEN	6094	LEINØY	70088193		AKTIV	DOMAR	BERGSØY IL
ELVESETER	STIAN SÆVIK	6092	EGGESBØNES	70089944	92480663	AKTIV	DOMAR	BERGSØY IL
FRANTSEN	RONNY	6092	EGGESBØNES	70089301		AKTIV	DOMAR	BERGSØY IL
HANSEN	VEGARD	6094	LEINØY	70088395		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
INGEBRIGTSEN	TOMMY	6098	NERLANDSØY	70087638		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
KOPPERSTAD	ANNE KAREN	6098	NERLANDSØY	70088698		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
KVALSVIK	ARVE	6090	FOSNAVÅG	70089744		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
KVALSVIK	KJETIL STRØM	6098	NERLANDSØY	70087700		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
MYKLEBUST	ANN-ELIN	6092	EGGESBØNES	70089105		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
MYKLEBUST	ATLE	6092	EGGESBØNES	70089074		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
REITE	MORTEN	6094	LEINØY	70086670		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
REMØY	FREDRIK	6094	LEINØY	70086649		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
TORVIK	GEIR IVAN	6095	BØLANDET	70087337		AKTIV	DOMAR	BERGSØY IL
VIKE	KARL BJARTE	6098	NERLANDSØY	70087702		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
WORREN	HOGNE J.	6010	ÅLESUND	70149684	70123144	AKTIV	REKR.DOMAR	BERGSØY IL
WORREN	PER	6094	LEINØY	70088616	70088283	AKTIV	DOMAR	BERGSØY IL
WORREN	PER CHRISTIAN	6094	LEINØY	70088616		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL
ØRMEN	RUNAR	6094	LEINØY	70089056		AKTIV	KLUBBDOMAR	BERGSØY IL

DETTE SYNER DEI SOM ER DOMARAR, REKRUTTERINGSDOMARAR OG KLUBBDOMARAR I BERGSØY IL - FOTBALL PR. 27.11.1996.